

ROTARY INTERNATIONAL

**Youth Exchange Program
1987
District 2280 Norway**



**District YORK,
Western Australia**

**Synnøve Skjelten
Vassenden 17
6270 Brattvåg,
Norway**

Sponsor Club:

Brattvåg Rotary klubb

Host Club:

YORK. Western - Australia.



MITT ÅR SOM ROTARY UTVEKSLINGSSTUDENT I YORK, WESTERN
AUSTRALIA
(1987-1988)

Synnøve Skjelten

Så stod eg der på reisebot til eit ukjent land med forventning og spenning. Må tru kva eg får erfare og lære av nye ting eg får oppleve.



Så stod eg der då ein august dag i 1987. I den mørkeblå "Rotary blazeren" min med påsydd norsk flagg og Rotary merke, på toppen av flytrappa på Vigra, og smilande slengde slengkyss til tårefyllte søstre og foreldre, som vinka molefunkne tilbake. Eg var 17 år gammal, og skulle ut i verda på eiga hand. Med to fulle koffertar, men med eit hovud som var ganske tomt for tankar om kva som låg framfor meg.

Alt eg visste, var at eg skulle til ein liten landleg landsby som heitte York i Western Australia og at eg skulle bu hos tre vertsfamiliar. Eg visste at den første vertsfamilien min budde på ein farm og at dei var eit eldre ektepar med vaksne born. Eg visste også at York var ca. 100 km frå Perth i austleg retning, det vil seie i innlandet. Eg visste at York hadde ca. 2500 innbyggjarar og at eg kom til å ta skulebuss til nabolandsbyen, Northam for å gå på skule der.

Det eg ikkje var førebudd på, var den merkelege framande kjensla som kom som ein skugge over meg så snart eg hadde møtt vertsforeldra mine på flyplassen. Det følte som lysår sidan eg stod sorglaus og ubekymra og slengde slengkyss på flytrappa på Vigra. Himmelen i Perth

var overskyt - det var som den reflekterte kjenslene mine. Kanskje det var jet lag? Eg hadde jo flydd rundt halve jordkloda. Oslo-London- Muscat-Singapore-Perth..

Vertsforeldra mine viste meg litt rundt i Perth før vi reiste til York, staden eg skulle bu dei neste 12 månadane. Vi kom inn til York, køyrde gjennom den pittoreske, viktorianske kolonilandsbyen, køyrde ut igjen andre enden, gjennom grønne bølgljande enger i noko som kjendes ut som ei lita æve, før vi kom til det vesle huset på farmen der vertsforeldra mine budde. Skyene hadde framleis ikkje letta – snarare tvert om. Dei var mørke og regntunge, og dei hang over meg som ei klam hand.

Det var først då eg skulle ringe heim og fortelle at eg var vel framme at himmelens sluser opna seg og eg kunne definere denne framande kjensla eg bar på: Det var heimlengt og sjokk. Det hadde endeleg gått opp for meg at eg skulle vere her saman med desse framande menneska, langt vekke frå alt som var meg nært og kjær i eit heilt år! Tårene rann og det var ikkje så mykje eg greidde å få fram på telefonen til stakkarane som satt heime og som sikkert lurte på kva dei hadde sendt frå seg.

Men sola stakk til slutt fram, og etter nokre veker så hadde dei varme solstrålane tørka vekk både tårene og heimlengten.

Eg byrja etterkvart å venne meg til det nye livet mitt. Eg omfavna det framande, absorberte dei spanande og eksotiske inntrykka. Nytt språk, nye mennesker å forholde seg til, nye opplevingar – fjernt frå den realiteten eg kjende frå heimstaden min. I skuleuniforma mi, som eg i byrjinga såg på som ein interessant kuriositet (men som eg seinare kom til å avsky), tok eg skulebussen til Northam kvar dag. Eg gjekk på Rotarymøter, held foredrag i Rotary klubbar i området, vart invitert på utflukter saman med Rotarianarar eller heim til dei, hjalp til på farmen og gjorde andre daglege gjeremål. Alle var svært vennlege og varme og tok imot meg med åpne armar.

Som nemnt tidlegare, så var planen at eg skulle bu hos tre familiar, ca. fire månader hjå kvar av dei. Dette vart seinare endra til fire familiar. Årsaken til dette, var at dei som eigde farmen eg budde på den første tida, ville så gjerne at eg skulle kome tilbake og bu der. Problemet var at dei ikkje var medlem av Rotary. Dei løyste dette med å melde seg inn i Rotary så dei også kunne vere vertsfamilie for meg. Slik vart det altså til at eg fekk min fjerde Rotary vertsfamilie.

Eg flytta til vertsfamilie nr. 2 i byrjinga av desember. Som den første familien min, var dei eit eldre ektepar som hadde vaksne barn. Dei budde også på ein farm utanfor York. Vertsmora mi var ein ivrig og flink rytter og hadde fleire hestar på farmen. Så kvar dag i tre månader, like etter soloppgang og like etter solnedgang hadde eg ridetimer med henne. Eg hadde alltid hatt lyst å lære å ri, så eg sette stor pris på den tida ho brukte på å få meg til å bli nokonlunde brukbar på hesteryggen.

Den tredje familien min var den einaste av vertsfamiliane som budde inne i York. Dei var også den einaste som hadde to yngre born som budde heime. Eg vart difor storesøster for første gong i livet mitt. Eg flytta dit i byrjinga av februar og må innrømme at eg gledde meg til å vere inne i sjølve York og til å få to småsøsken. Eg vart snart del av familien, slik eg hadde med dei to første familiane mine, og det å ha storesøster status levde opp til forventningane. Eg må også legge til at eg og vertsmora mi fekk spesielt god kontakt, og vart nærmast gode venninner å rekne. Ho tok meg med på ein trevekers busstur til Adelaide,

Canberra, Melbourne og Sydney. Denne turen var nok høgdepunktet i opphaldet mitt i Australia.

Den siste vertsfamilien min var, som nemnt ovanfor, dei ”nye Rotarianarane.” Eg kjende jo dei frå før, så det var slett ikkje vanskeleg å bli del av familien. Vertsmora mi bestemte at det var altfor lite ”utfordrande og spanande” for meg å gå på skulen (!), ho snakka difor med rektoren, og det vart bestemt at eg skulle jobbe på farmen og tilbringe tid i Perth saman med dottera hennar som var student på Perth University. Slik enda eg altså opp som gardsarbeidar og deltid-universitetsstudent! Begge delar var sjølv sagt svært spanande og nytt for meg. Eg veit ikkje kva eg syntes var mest spanande, men eg held kanskje ein knapp på det å jobbe på ein farm. Å køyre rundt på den enorme farmen på ein firehjuls motorsykkel saman med hundane for å samle saman sauder, eller å stå opp midt på natta for å køyre ut med mat til dei som hausta avlingane (kvifor dei gjorde det om natta hugsar eg ikkje) eller å ”merke” sauder, var svært eksotisk og ga ei fantastisk kjensle av fridom.

Heilt på tampen av opphaldet mitt i Australia, vart det organisert ein tre-vekers tur for alle utvekslingsstudentane i Western Australia. Vi var ungdomar frå heile verda – m.a. Noreg, Danmark, Tyskland, Sør-Afrika, Japan, Brasil, Chile, New Zealand, USA, Canada og Finland. Vi reiste på tre gamle, skranglete bussar i nord-vestleg retning mot Broome, underheldt Rotary klubbar på vegen, sov under åpen himmel, bada i elver og såg mykje vill og vakker natur. Eg trur det tok fleire veker å vaske av meg det karakteristiske raude støvet – det er jo også eit støv som faktisk blir nytta som fargemiddel av dei australske urinvånarane.

Eit år hadde nesten gått. Det var på tide å pakke dei to koffertane mine for å vende nasen heimover. Koffertane var no tunge av inntrykk og opplevingar og hovudet mitt hadde blitt fyllt med verdifulle erfaringar.

Det kan vere verdt å nemne at det å vere Rotary utvekslingsstudent skil seg frå andre utvekslingsprogram på fleire måtar:

1. Ein bur hos fleire familiar i løpet av utvekslingsåret.
2. Ein held foredrag på Rotaryklubbar og går på Rotary møter.
3. Ein blir oppfatta som ein ”ambassadør” for klubben som sendte ein.

Å bu hjå fleire familiar har både fordelar og ulemper. Fordelen er at dersom ein mistrivs hos ein familie, så veit ein at det berre er for ein kortare periode og ikkje eit heilt år. Ulempen kan vere det motsatte, dvs. at ein trivs så godt og blir så knytta til ein familie at det er vanskeleg å flytte til neste familie. Det krev også ein god del av ein utvekslingsstudent mht. det å omstille seg kanskje fire gongar i løpet av eit år.

I mitt tilfelle, så hadde eg eit godt forhold til alle familiarne eg budde hos. Det er likevel ikkje tvil om at det var nokre eg kom betre ut av det med enn med andre. Når det er sagt, så var det ikkje eit stort problem for meg å flytte mellom dei ulike familiarne. Det største problemet som eg hadde i denne samanheng, var at det utvikla seg ein slags konkurranse mellom vertsfamiliarne mine. Alle ville eg skulle vere lenger med akkurat dei, og dei brukte ulike verkemiddel for å prøve å få det som dei ville. Eg som utvekslingsstudent følte at eg måtte vere særskild varsam med å snakke for mykje om dei andre vertsfamiliarne mine evt. ha for mykje kontakt med dei etter eg flytta frå dei, i redsle for å såre kjenslene til den vertsfamilien eg hadde flytta til. Dette kunne sjølv sagt vere litt vanskeleg å finne ein tilfredsstillande diplomatisk balansegang, men det var ei nyttig erfaring å ta med seg.

Det å halde foredrag på Rotaryklubbar var også ei nyttig erfaring. Å stå framfor ei forsamling og fortelle om landet sitt, var ikkje akkurat noko som eg var vant til. Sjølv om det ikkje var obligatorisk, var det også venta at eg skulle delta på Rotary møter så ofte eg kunne. I motsetning til i Noreg, så varte desse møta ein heil kveld, der tre-rettars middag var ein sjølvstøtt del av programmet. Det skal ikkje mykje menneskeleg innsikt til for å forstå kor interessant *det* måtte vere for ei 17-18 år gammal jente!

I Australia og i mange andre land er det å bli valgt ut som Rotary utvekslingsstudent nesten som ein ærefull prestasjon å rekne og det blir difor krevd at ein oppfører seg som ein ansvarsfull ambassadør på vegne av den klubben ein kjem frå. Utvelgingsprosessen er visstnok ganske krevande og streng og inneber fleire intervju og ulike elimineringsrunder. Følgjeleg blir det, i *teorien iallefall*, krevd at framferda til utvekslingsstudenten er deretter.

Heilt til slutt vil eg seie at det å ha vore Rotary utvekslingsstudent er ei erfaring eg verdset høgt. Det har gitt meg mange minner, men mest av alt, så var året eg var i Australia eit år der eg utvikla meg, - eit år som forma meg på ein måte som eg ikkje trur hadde vore mogleg dersom eg ikkje hadde hatt dette utanlandsopphaldet som 17-18 åring. Det er no meir enn 15 år sidan eg kom heim med australsk aksent. Den australske aksenten har (heldigvis..) forsvunne, men dei verdifulle erfaringane og opplevingane eg tok med meg frå Australia har eg bære med meg vidare i livet...Og betre bør ein ber'kje i bakken.... enn eit år som utvekslingsstudent.

Eg vil difor takke både foreldra mine og Brattvåg Rotaryklubb for at eg fekk oppleve dette året på andre sida av kloda.